



Bygging av fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule



Prosjektbakgrunn:

Eid kommunestyre vedtok 25. juni å byggje ein ny fleirbrukshall på Nordfjordeid skule. Denne skal erstatte dagens over 50 år gamle gymnastikksal. Kommunestyret har samrøystes vedteke å byggje det største hall-alternativet: Ein fleirbrukshall med full handballbanestorleik. Dette vil dekkje skulen sitt behov, og i tillegg vere særst viktig for idretten i Eid som i dag slit med sprengt hallkapasitet i Eid Idrettshus både til handball, turn og andre idrettsaktivitetar.

Fakta om utbygginga:

- Areal ca 2000 kvm
- Kostnad ca 53,4 mill kr inkl mva
- Spelemidlar kr 10.000.000,-
- Speleflate 25 m x 45 m bane
- Garderoobe 4 stk.
- Styrketreningsrom 50 kvm
- Scene
- Lager til lag og org.
- Amfi med 318 stolar
- Ny ballbinge 20 m x 30 m

Rom for utfolding og idrettsglede!

Prosjektgruppa for den nye fleirbrukshallen ved Nordfjordeid skule har i samarbeid med Nordplan AS utarbeidd planar for ny fleirbrukshall. Lag, organisasjonar og grupper som blir framtidige brukarar av den nye fleirbrukshallen har fått høve til å presentere sine idear om kva ein ny fleirbrukshall bør innehalde av funksjonar og fasilitetar. Desse innspela er grunnlaget for arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet.

Det er i planane lagt vekt på at anlegget skal utformast i tråd med dei arkitektoniske kvalitetane som er på skuleområdet. Sjå vedlagte teikningar av fasadar og planløsning.

Byggjeprosess - estimert framdrift

- | | |
|----------------------------------|-----------------|
| - Kontraktsteikning for byggjing | Juli 2015 |
| - Byggjestart | Aug./sept. 2015 |
| - Ferdig bygg | Oktober 2016 |
| - Innflytting, klart for bruk | Desember 2016 |

Har du spørsmål om prosjektet, ta kontakt!

Kontaktinfo. Eid kommune:
Torfinn Myklebust, prosjektlear
torfinn.myklebust@eidkommune.no